



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 14.10.2025

Vår ref.: 202319484-5 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Høyring av søknad om å redusere minstevassføringa til Brattabøelvi kraftverk i Ullensvang kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Brattabøelvi Kraft AS om løyve til å redusere minstevassføringa ved Brattebøelvi kraftverk i Ullensvang kommune frå 230 l/s til 143 l/s i perioden 1.5-30.9. Søknaden skal behandlast etter vassressurslova.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden blir difor berre sendt på høyring til Ullensvang kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland med høyringsfrist 27.11.2025.

Her finn du søknaden

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9232/V.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få inn synspunkt på endringane som er presenterte i søknaden. Vi ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngevnne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av planane. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Fråsegn kan sendast inn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9232/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202319484 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202319484 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Frist for å sende fråsegn er **27.11.2025**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom fråsegna er lange, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Ullensvang kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Anne Gunvor Berthling
Senioringeniør

Godkjent i samsvar med NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ULLENSVANG KOMMUNE

Kopimottakarliste:

BRATTABØELVI KRAFT AS